


# ÅRSMELDING SETESDAL REGIONRÅD 2014

Forsidebilde: Setesdal - Noreg tett på / Anders Martinsen Fotografer

# SETESDAL HAR EIT STORT POTENSIAL

Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes har eit omfattande samarbeid. På denne måten klarer ein å løyse yte gode tenester og organisere tilbod på ein måte som små kommunar sjølve ikkje ville klare. Ein har organisert dette samarbeidet på ulikt vis. Det kan vere som vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap (IKS) eller aksjeselskap (AS). Koordineringa av dette samarbeidet skjer gjennom Setesdal regionråd.

Setesdal regionråd koordinerer også det administrative arbeidet i dalen ved at ein har faste rådmannsmøte der overordna administrative saker vert drøfta og samordna.

Styret i Setesdal regionråd er det politiske organet som gjer vedtak om løyvingar eller igangsetting av ulike prosjekt.

Setesdal regionråd har ein omfattande aktivitet innan kompetanseutvikling gjennom kursing og høgskulestudium for å leggje til rette for at folk som bur i regionen lettare kan ta vidare utdanning. Infrastruktur med utbyggjing av RV 9 med fullføring i 2023 er hovudsatsingsområdet, men ein byggjer og no eit nett av ladestasjonar til el-bilar som dekker heile dalen.

Næringsutvikling er krevjande og spanande. Ein har hatt ein krevjande prosess med organisering av næringsarbeidet siste året, men trass i det har ein vore med å realisere og leggje grunnlag for spanande prosjekt.

Kommunereformen er ei sak der Setesdal regionråd har hatt ein ugreiar- og koodineringsrolle. Dette er ei spanande sak det utfallet er uvisst. Konsekvensen for Setesdal regionråd er og uviss. Uavhengig av dette vil Setesdal regionråd arbeide for å leggje til rette for best mogelege tenester, infrastruktur og vekstkraft i Setesdalsregionen.

Setesdal har eit stort potensiale. Dette vil me vere med på å utløyse!!!

Med helsing

Tarald Myrum

Tarald Myrum
Styreleiar



Setesdal - Noreg tett på / Anders Martinsen Fotografer

# INNHALD

| | |
|---|---|
| ÅRSMELDING | 6 |
| ORGANISERING | 8 |
| | |
| REGIONAL UTVIKLING – SAMHANDLING | 12 |
| REGIONALE TEMA-MØTE & ARRANGEMENT | 14 |
| INTERKOMMUNALT SAMARBEID | 17 |
| INFRASTRUKTUR | 20 |
| KOMPETANSE | 2 |
| NÆRINGSUTVIKLING & -ARBEID | 24 |
| LØYVINGAR 2014 | 28 |
| | |
| REKNESKAP | 30 |
| | |
| ANNA | 35 |
| VEDLEGG | 36 |

# ÅRSMELDING

**Styret legg med dette fram årsmeldinga for Setesdal regionråd for driftsåret 2014.**

ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMDA
Setesdal regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Verksemda er organisert som eit interkommunalt samarbeid i medhald av § 27 i kommunelova. Regionrådet er sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune.
Regionrådet har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemd i Setesdal.
Verksemda har tre strategiske satsingsområde - infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling, i tillegg har ein kompetanseutvikling som fokusområde.

FORMALIA – FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET
Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd - vart lagde fram kring årsskiftet 2006-07. Kommunane godkjende og formaliserte fundamentet i 2007.

FRAMHALD AV DRIFTA
Styret finn at verksemda er driven i samsvar med og i medhald av den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2014 er sikra gjennom formaliserte samarbeids-avtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar og gjennom løyving i samsvar med konsesjonskraftavtale med kommunane og med rammeløyving til regionalt næringsfond frå Regionalt utviklingsprogram / KRD-midlar.

ARBEIDSMILJØ – YTRE MILJØ
Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har ikkje vore sjukdom eller skader på personell eller utstyr i 2014. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

LIKESTILLING
Representantskapet i Setesdal regionråd er samansett av 5 formannskapsrepresentantar frå deltakarkommunane. Styret i verksemda utgjer 8 faste og 6 observatørar. I styret er det 7 menn og 1 kvinne, og observatørane er 5 menn og 1 kvinne. Desse er oppnemnd etter posisjon/verv. Det er 3 tilsette –2 kvinner og 1 mann. Rådmannsgruppa funger som valkomite for oppnemning av styrere-presentantar til interkommunale verksemder - der legg ein vanlege reglar for likestilling til grunn.

ØKONOMI OG RESULTAT
Styret legg fram rekneskapen for 2014.
Rekneskapen er førd i Valle kommune og revidert av Setesdal revisjonsdistrikt IKS. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar eller uvisse når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapen for 2014.

Styret godkjenner rekneskapen som framlagt.

Ordinært resultat for 2014 er på kr 2.926.379. Rekneskapsmessig overskot i driftsrekneskapen er på kr 166.814. Styret føreslær at rekneskapsmessig overskot vert sett av til disposisjonsfond. Overskot for 2013 på kr. 375.551,06 vart ikkje vedteke disponert ved handsaminga av rekneskapet for 2013. Styret føreslår at dette også vert sett av til disposisjonsfond. Kapitalrekneskapen er gjort opp i 0,-.

MÅLOPPNÅING
Vi har hatt mykje fokus på deltaking i landsdels-ordskifter og regionale planarbeid/ høyringar.
- Ein oppfattar at den regionale samhandlinga med Politiet og andre er god og at den regionaliserte samhandlinga og dialogen i Agder har funne ei tenleg form gjennom regionsamarbeida.

Fengselsprosjektet har vore det store regionale prosjektet for Setesdal vs regionale og nasjonale aktørar gjennom året – i tillegg til Rv 9. Det har vore stor aktivitet med RV 9-prosjektet og det er oppnådd gode resultat med både budsjettmidlar i 2015 og komitémerknadar som vert viktige framover.

Operativt næringsarbeid og samarbeidet med næringslivet i Setesdal er høgt prioritert – samstundes som ein har arbeid mykje med utgreiing av alternativ organisering gjennom året.

Interkommunalt samarbeid er særleg ivareteke gjennom rådmannsgruppa si tette oppfølging av IKS-verksemdene – NAV-partnarskap osb.

Ved årsrapportering ser ein og at Regionrådet og administrasjonen har ei sentral rolle i høve koordinering og tilrettelegging av felles arrangement / synlegheit. Setesdalskonferansen er fast. Kick-off-seminaret om likestilling, inkludering og mangfald vekte og god interesse. Av eksterne arrangement var Setesdalsmøtet under Arendalsveka viktig.

Arbeidet med kompetansetiltak er krevjande og har framleis behov for å finne ein meir forutseieleg regional forankring og med-finansiering.

Styrekurs II og fleire bedriftsretta kurs vart vel motteke. Tilrettelegging av distriktsvennlege studietilbod var fornya med førebuing for etablering av ingeniørstudium i 2014.

Sist men ikkje minst har vi drøfta og arbeidd med Kommunereforma i 2014.

## SAKSOMFANG

Styret handsama i 2014; 162 politiske saker, 73 referatsaker, og 12 drøftingssaker. Det var fatta 22 delegerte vedtak frå administrasjonen.

## SOM VEDLEGG FØLGJER:

- Driftsrekneskap
- Samandrag balanse
- Notar til rekneskapen
- Revisjonsmelding

## GODKJENNING – ÅRSMELDING

I styremøte 20. mai 2015 vart årsrekneskapen handsama sak PS 72/15 og årsmeldinga handsama og godkjent, jf styresak PS 72/15

Representantskapet tok årsmeldinga til etterretning i møte 15. juni 2015, sak PS 4/15 Representantskapet vedtok rekneskapen som lagd fram av styret, jf. sak PS 5/15 - og disponering av overskot i same sak.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tarald Myrum | Nina Susanne Johnsen | Jon-Rolf Næss | Tor Hallvard Mosdøl |
| Leiv Rygg | Olav Neset | Bjørn Ropstad | Finn Bjørn Rørvik |

# ORGANISERING
## STYRET



TARALD MYRUM
Ordførar
Valle kommune



LEIV RYGG
Ordførar
Bygland kommune



BJØRN ROPSTAD
Ordførar
Evje og Hornnes kommune



JON-ROLF NÆSS
Ordførar
Bykle kommune



NINA S. JOHNSEN
Varaordførar
Valle kommune



OLAV NESET
Varaordførar
Bygland kommune



FINN BJØRN RØRVIK
Varaordførar
Evje og Hornnes kommune



TOR HALVARD MOSTØL
Varaordførar
Bykle kommune

# OBSERVATØRAR



**BJØRGULV SVERDRUP LUND**
Fylkesordførar
Aust-Agder Fylkeskommune



**ARILD EIELSEN**
Fylkesrådmann
Aust-Agder Fylkeskommune



**SIGNE SOLLIN HAUGÅ**
Dagleg Leiar
Setesdal Regionråd



**JENS ARILD JOHANNESSEN**
Rådmann
Evje og Hornnes kommune



**ÅSMUND LAUVDAL**
Rådmann
Bygland kommune



**TALLAK HOSLEMO**
Rådmann
Bykle kommune



**EIVIND BERG**
Rådmann
Valle kommune

## REPRESENTANTSKAP

Formannskapet, ved 5 representantar frå kvart, i dei fire samarbeidskommunane er representantskap for Regionrådet. Rådmennene og dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett.

For perioden 2014/2015 er Bjørn Ropstad leiar og Leiv Rygg nestleiar.

## STYRE

For perioden 2014/2015 er Tarald Myrum vald til styreleiar og Jon Rolf Næss nestleiar.

Bykle kommune: ordførar Jon-Rolf Næss og varaordførar Tor Hallvard Mosdøl.

Valle kommune: ordførar Tarald Myrum og varaordførar Nina Susanne Johnsen.

Bygland kommune: ordførar Leiv Rygg og varaordførar Olav Nese

Evje og Hornnes kommune: ordførar Bjørn Ropstad og varaordførar Finn Bjørn Rørvik

## OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT:

**Aust-Agder fylkeskommune:**

- Fylkesordførar Bjørgulv Sverdrup Lund med vara fylkesvaraordførar John-Olav Strand
- Fylkesrådmann Arild Eielsen

**Rådmennene i dei samarbeidande kommunane:**

- Tallak Hoslemo – Bykle
- Eivind Berg - Valle
- Aasmund Lauvdal - Bygland
- Jens Arild Johannessen – Evje og Hornnes

**Dagleg leiar, Setesdal regionråd:**

- Signe Sollien Haugå

## ADMINISTRASJON – KONTOR

Dagleg leiar Signe Sollien Haugå er tilsett i 100 % stilling.

Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad. Gunn Marith Homme er engasjert i 40 % stilling som sekretaritat gjennom tenestekjøp frå vertskommunen. Næringskoordinator var engasjert gjennom tenestekjøp fram til 1.7.14. Ny næringskoordinator vart tilsett f.o.m 1. september 2014.

Regionrådet har og avtalefest tenestekjøp gjennom Destinasjon Hovden AS for å arbeide med reiselivet regionalt under nemninga Visit Setesdal. I tillegg er det engasjert prosjektleiar for Rv 9 prosjektet gjennom eksternt tenestekjøp frå Sarv AS. Det har og vore temporære tenestekjøp i samband med kurs og kompetansetiltak, arrangementsavvikling mv.

Vertskommunen yter tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, datastøtte, sentralbord, kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester.

Setesdal revisjonsdistrikt IKS er revisor for Regionrådet.

## RÅDMANNSGRUPPA

Rådmennene drøfter aktuelle saker før og etter handsaming av styresaker i tillegg til mykje anna administrativ samordning mellom kommunane. Rådmannen i Iveland deltek i saker som vedkjem kommunen, t.d. oppfølging av felles interkommunale samarbeid. Den samla kompetansen i rådmannsgruppa i Setesdal er stor og verdfull i høve til mange og krevjande saksfelt. Ikkje minst er samarbeidet ressurseffektivt. Dagleg leiar tilrettelegg møta og er sekretariat for rådmannsgruppa.

Setesdal er og sommardestinasjon.
Vi har ei rekke arrangement og festivalar årleg.
Siste helga i mai går sykkelløpet Colorline Setesdal Tour. Pedalpigane er alltid med på dei 210 km frå Kristiansand til Hovden. Regionrådet har støtta utviklinga av arrangementet. Lokale idrettslag stiller opp og tek på seg funksjonæroppdrag på matstasjonar osv



Foto: Marit Simonstad Kvaale

# REGIONAL UTVIKLING – SAMHANDLING

## AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE

Aust-Agder fylkeskommune ved fylkesordførar og fylkesrådmann møter fast på styremøte- og held styret fortløpande orientert om aktuelle saker. Fylkeskommunen har og hatt ei aktiv rolle og gitt råd i høve pågåande drøftingar om Regionrådet og organisering av næringsarbeidet.

Fylkeskommunen medverkar og tungt økonomisk til regional utvikling – gjennom årleg løyving frå Konsesjonskraftmidlar og med midlar til regionalt næringsfond, samt avsetningar til Rv 9-utbygginga.

I 2013 og 2014 har Fylkeskommunen kjørt eit kompetanseprogram innafor entreprenørskap og næringsarbeid der 1.lina og Regionrådet har delteke. Fylkeskommunen bistår elles Setesdal mykje i oppfølging i aktuelle saker gjennom året.

## REGIONPLAN AGDER 2020

Regionplan Agder er felles verkstad for regional utvikling i Aust- og Vest-Agder og det operative arbeidet for oppfølging av felles fylkesplan. Arbeidet blir leia politisk av fylkesordførar Bjørgulv Sverdrup Lund og administrativt av fylkesrådmann Arild Eielsen.

Setesdal er som dei andre regionane representert med styreleiar av Regionrådet i politisk samordningsgruppe, og i rådmannsutvalet med leiar av rådmannsgruppa og dagleg leiar av Regionrådet. I tillegg er vi representert i faggruppe Klima og miljø, og i faggruppe Utdanning og i faggruppe Folkehelse.



Helle Mellingen er prosjektkoordinator for «Likestilling som regional kraft» i Agder.

## NYE REGIONALE PLANARBEID I 2014

Fylkeskommunane utarbeidde planprogram for utarbeiding av felles plan for verdiskaping og næringsutvikling, forsking og utvikling og innovasjon i offentleg sektor (VINN-planen). I arbeidet vart og fletta inn eit arbeid i høve ny reiselivsstrategi. Planhorisonten vart sett til 2015-2030.

Regional transportplan (RTP) var tilsvarande varsla – med planprogram og planhorisont 2015-2027.

Regionrådet ga høyringsinnspel til båe planprogramma på vegne av kommunane i Setesdal, der vi spelte inn ønskje om tett involvering og representasjon i arbeida og omsyn og premissar som vi meinte vil vere viktig for å sikre positiv regional utvikling og samhandling framover.

Dagleg leiar vart oppnemnt som representant til administrativ styringsgruppe og destinasjonssjefen vart involvert i arbeidsgruppe reiseliv.

## LIKESTILLING – MANGFALD OG INTEGRERING (LIM):

I Regionplan Agder 2020 og i politisk samordningsgruppe vart temaet løfta fram att. Fylkesordførar bad kommunane og regionane organisere og sette dette på agendaen i kommunane og gjennom regionråda.
Med god hjelp av Fylkeskommunen arrangerte vi oppstartseminar om likestilling – integrering og mangfald for Setesdalskommunane 11.nov.
Dels for å informere og forankre arbeid med lokale likestillingsplaner og etablering av likestillingsutval, å sjekke interesse for ev samhandling i regionen, og å få ide om kva ein bør arbeide med i Setesdal innafor desse tema. Gode lokale døme og utforingar vart presentert og drøfte i grupper gjennom dagen – likeeins ordningar og virkemiddel t.d. via NAV.

AGDERMODELLEN FOR LIKESTILLING

## HØYRINGSUTTALER OG ANDRE UTTALER

**Skatteetaten** - ny kontorstruktur: Det vart utarbeidd høyringsuttale med ønskje om lokalisering av eining til Evje.

**Politiet** – omorganisering: I samband med framlegginga av Politireformen gjorde styret vedtak om opprop i øve nedlegging av kontor – om omsyn risiko-tryggleik ved alvorlege og uføresette hendingar –samt fokus på responstid med større distrikt og færre kontor / bemanning.

**Straum - / linenett**: I samband med ei rekke straumavbrot etter store nedbørsmengder tok styret til orde for eigardrøfting i Agder Energi for å få fortgang i oppgraderinga av linenettet i Setesdal.

**Likestilling – inkludering og mangfald (LIM) –** Styret drøfta høyringdokumentet og gav høyringsuttale som m.a. tok opp Setesdals-utfordringar; tilbringertenester / kollektivtilbod for likeverdig deltaking i lokalsamfunnet, distrikts-vennlege studietilbod og ein kompetansepolitikk som kan gi tilgjengelege tilbod til alle delar av landselen og at fleire kan få kompetanseutvikling relatert til eigen kvardag og arbeidssituasjon uavhengig av avstand til institusjonane. Fornekling av system for lettare for sesong og kortidsenga-sjement av utanlandsk arbeidskraft og ressursar til lokalt arbeid med LIM som tema.

**Regional transport plan – ny Nasjonal transportplan**- oppstart planarbeid: Styret hadde temadrøfting om samferdsle og veg 24 nov – der det vart orientert og drøfta ulike initiativ og ønskje i høve vedlikehald og investeringar.

**Tannhelseplan 2015-2018 Aust-Agder:** Fylkes-kommunen la fram ny plan var ute til høyring med forslag om nedlegging av skuletannlegekontor i 2 av kommunane. Styret understreka at det må vere tilgjengelege tenester og fullverdige tidsmessig utstyrte klinikkar i kvar kommune – og kvalitativt like tenester i alle kommunane. Ein peika og på at ev strukturendringar med redusert tilgjenge i praksis overførte kostander til foreldre og pårørande. Regionrådet fekk gjennomslag for at dagens struktur skal vidareførast inntil vidare.
**Sørlandet sjukehus** (SSHF) 2030 ønskje om å vidareføre dagens sjukehusstruktur og ei rekke moment i høve helsetenesta i kommunane.

**Setesdal vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde – revidert forvaltingsplan:** Styret avga høyringsuttale der ein m.a. sette fokus på næring (utmark, reiseliv osb) og tilrettelegging av løyper og utvikling av ein informasjons- og besøksstrategi – og meir arbeid for å sette verne-området inn i ein nasjonal og internasjonal kontekst.

**Postdirektivet – redusert postombering i distrikta**: Regionrådet slutta seg til Vest-Tele-markrådet sitt initiativ i samband med klagesak- og løyvde kr. 50.000 som garanti til høgsterettssak i høve part.

**Universitetsmeldinga** ( om konsolidering av UiA og andre): Sakaframlegg drøfta i Rådmannsgruppa – sak i styret.

**E134 – aust-vest-samband** –Styret var samde om å avgi uttale.

# REGIONALE TEMA MØTE & ARRANGEMENT

## KRAFTKOMMUNE-DAG
I lag med Åseral (Lindesnesregionen) og Lister samarbeida vart det arrangert temamøte 25. feb på Revnses. Tema var energirelaterte konsesjonsprosessar og praksis , strategisk utvikling - lokal og regional verdiskaping, nye konsesjonar og revisjonar – formidling og samhandling, og drøfting av ev nettverks- og kompetansforum.

## LIKESTILLING – INKLUDERING – MANGFALD (LIM – SETESDAL) - WORKSHOP
Det vart arrangert felles workshop for kommunane i Setesdal 11. november. Opplegget var i samarbeid med Fylkeskommunen - rådmanngruppa vart sterkt involvert i planlegginga av arrangementet. I framkant vart det utarbeidd arbeidsnotat i lag med rådmannsgruppa.

## SETESDALSKONFERANSEN
24-25 april 2014 på Revsnes hotell. Sjå side 24.

## NABOSKRYT
Konferansen for reiselivet langs reiseruta var tillyst 6-7 mai – men vart avlyst grunn liten interesse.

## SEKT-SAMLINGER:
Kompetanseprogrammet for næringsapparatet hadde nye samlingar med fokus på innovasjon i 2014. Den eine samlinga var lagt til Setesdal.

## ARENDALSUKA 2014 - SETESDALSMØTE
Arendalsuka –hadde reiseliv og Rv 9 som hovudtema. Vi serverte «Smaken av Setesdal»-tapas og fekk god mediadekking av arrangmentet.



«Gul midtstripe til Hovden innan 2023» er målet. Påverknadsarbeid for å sikre finansiering og framdrift fordrar merksemd. Statssekretær Bård Hoksrud, FrP, stilte på direkten for Svein Sundsdal og NRK Sørlandet i samband med møtet vårt.

## DISTRIKTSSENTERET – TEMA FOLKETALSUTVIKLING
Distriktssenteret – kompetansesenteret for bygdeutvikling – inviterte til tankesmie med tema «Kommunereformen som drivar for lokalsamfunnsutvikling» - dagleg leiar deltok.
Distriktssenteret har og vore aktive i høve informasjon om relevante prosjekt og studier / publikasjonar i høve lokal/ regionalutvikling gjennom året.
Det vart og gjennomfør eit temamøte - utvida styremøte – med tema folketalsutvikling 24. november 2014.





## SETESDALSTINGET 2014

Det vart arrangert felles kommunestyre i samband med Representantskapsmøtet juni 2014. Tema var kommunereforma.

I november bad Regionrådet kommunestyra om mandat/fullmakt til å arbeide med strukturutgreiing og moglegheitsstudie/spegelmelding for Setesdalsalternativ. Styret vedtok å løyve 250` til ekstern utgreiing samd at kommunane løyvde 50`kvar til arbeidet. Kommunane forplikta seg samstundes til ikkje å fatte lokale vedtak før utgreiinga er lagt fram i felles kommunestyre i juni 2015 - og etter handsaming i i samlege kommunestyre i Setesdal.

Fylkesmannen – lyste og ut restskjønsmiddel som vi søkte på i fellesskap, men dei vart fordelt direkte til kommunane.

Det vart arrangert felles kommunestyre i samband med Representantskapsmøtet juni 2014. Tema var kommunereforma.





I samband med representantskapet der formannskapa møter – la ein og opp temamøte om Kommunereforma. Eksterne innleiingar var; fylkesordførar Bjørgulv Sverdrup Lund, Fylkesmann Øystein Djupedal og kommunereformkoordinator Jarle Bjørn Hanken, samd kommunereformkoordinator Lars Dalen for KS Agder.

Formannskapa vart så orientert om framlegg til prosess for Setesdalsutgreiingane – og det vart opna for kommunevise innspel til prosessopplegget.

I sjølve representantskapsmøtet fokuserte ein oppfølging av Likestilling – inkludering- og mangfalds-satsinga (LIM-satsinga). Vidare orienterte ein om arbeidet med ny næringsorganisering og om arbeidet med datalagringsprosjektet.

## SAMRÅDING VEST-TELEMARKRÅDET

Samråding Vest-Telemarkrådet – etter initiativ frå Vest-Telemark drøfta ein mellom anna «Postomberingssaka» (i kjølvatnet av Postdirektivet) og utgreiinga av E 134 som aust-vest-samband og samordning av høyringsuttaler og påverknadsarbeid. Setesdal lova å medverke men med vekt på at Sørlandsankeret var det overordna – og aust-vest-sambandet kunne vere tenleg med tilkopling via Rv 9.

## POLITIRÅD

Politiråd Setesdal fann stad 19. mars. Politimester Kirsten Lindeberg og medarbeidarar orienterte om handlingsplan for førebygginga av kriminalitet, rettleiar for førebygging av alvorlege hendingar i barnehagar og utdanningsinstitusjonar og det vart sett fokus på radikallisering og tidleg innsats. Møtet omhandla og gjensidig informasjon og status i mellom kommunane.

## INNOVASJON NORGE OG FORSKINGSRÅDET

Det vart gjennomført 2 informasjonsmøte om ordningar for næringslivet – Innovasjon Norge og Forskingsrådet.


Setesdal - Noreg tett på / Anders Martinsen Fotografer

# INTERKOMMUNALT SAMARBEID

## RÅDMANNSGRUPPA

Rådmannsgruppa (RM) arbeider særleg administrativ samhandling av prosessar og aktivitetar mellom kommunane i Setesdal og Iveland. I tillegg kjem RM med innspel i framkant av styresaker og initierer nye felles regionale saker gjennom Regionrådet.

Dagleg leiar legg til rette, deltek og er sekretariat for rådmannsgruppa.

I høve Regionrådet si drift og regionutviklinga var ein m.a. innom

- Regional utviklingsplan Setesdal 2020 – der RM tilrådde revisjon etter at næringsorganiseringa er avklåra - og at det blir ein lettbeint prosess. RM føreslå aktuelle poster til budsjett/ hand lingsplan for Regionrådet 2015.
- Næringsarbeid og – organisering – kommunane / Regionrådet
- Visit Setesdal og reiselivet i landsdelsdrøftingane.
- Likestilling – inkludering og mangfald – opplegg for kommunale prosessar/ organisering – felles «kick-start» - workshop.

Rådmannsgruppa(RM) har hatt avklåringar og sett fokus på tema der kommunane samhandlar direkte eller indirekte gjennom interkommunale samarbeid.

- Oppfølging IKS - RM er valkomité og førebur ev endringar i høve styre i desse selskapa.
- Setpro – oppfølging i høve anbudsutsetting og samhandling med NAV partnerskap
- Legevaktsordning - kommunal augeblikkeleg hjelp - drøftingar
- Lokalmedisinske tenester Setesdal - evaluering av LMT i 2014
- Helsenettverk Setesdal - drøftingsmøte
- Regionalt samarbeidsutval (RMU) vs Sørlandet sjukehus – orienteringar
- Internkontroll – drøfting av ulike program/ løysingar samordning via Setesdal IKT
- Beredskap og risiko- sårbarheitsanalyse - revisjon felles ROS- ananlyse og beredskaps planlegging: I etterkant av politirådet og fokus på radikallisering vart tema løfte inn i revisjonen av dei kommunale planane. Koordinering via Egil Mølland – Iveland kommune – m.o.t. faggrupper og kommuneansvarlege.
- Pedagogisk psykologisk teneste ( PPT) – Oppfølging etter utmelding frå Evje og Hornnes.
- Lærlingsituasjon – samarbeid med opplærings kontoret og personalansvarlege drøfta.
- Matrikkelføring – ev samarbeid vart drøfta

Rådmannsgruppa følgjer opp og gir føringar i høve ulike temadrøftingar av regional og nasjonal karakter. I 2014 omhandla det m.a.:

- Ny brann og eksplosjonslov (Brannstudien) – organisering av brann- og redningstenestene – høyringsuttale utarbeidd i fellesskap og hand sama gjennom styret i Regionrådet
- Sørlandet sjukehus 2030 – høyringsutttale strategiplan felles sak gjennom Regionråd og kommunane
- Konsolideringsprosess mellom Setesdalsmuseet og Aust-Agder museum og arkiv IKS – sam- ordning via leiar av Rådmannsgruppa.
- Skjønsmiddelsøknader Fylkesmannen – samordning / prioritering fellestiltak via Region råd og kommunane
- Oppgåveoverføring til kommunane innan rus – og psykiatri – innspel til KS-notat via Regionrådet
- Politiråd – førbuing og oppfølging
- Regional transportplan / VINN-plan- førebuing høringsinnspel planprogram
- Regionplan Agder: representasjon til faggrupper med rapportering til RM

## NYE HEIMESIDER

Eit stort arbeid med omlegging og fornying av heimesidene for kommunane og Regionrådet starta i 2013 og vart sluttført med lansering i februar 2014.

## NY FELLES GRAFISK PROFIL

Regionrådet sette igong eit prosjekt med utvikling av nye heimesider for kommunane og Regionrådet med tanke på fornying av felles grafisk profil og meir tidmessige og funksjonelle heimesider. Setesdal IKT, Tress Design og ei eiga arbeidsgruppe med tilsette utvikla og vart samde om utforminga. Gruppa gjennomført eit større arbeid med grafisk profil for merkantile trykksaker og publikasjonar, annonsemalar osv i 2014.



## EIGARREPRESENTASJON I INTERKOMMUNALE VERKSEMDER

I 2014 vart det søkt implementert ny oppneming av administrative representantar til eigarrolla – i medhald av drøftingar og vedtak i representantskaps/ eigarmøte året før.

## VISIT SETESDAL – REISELIVSSAMARBEIDET!

Samarbeidsavtala med Destinasjon Hovden vart i 2014 vedetek vidareført i 3 år. Hovudoppdraget er utvikling, gjennomføring og koordinering av marknadsføringa av Setesdal som turistdestinasjon, i tillegg oppgåver som:

- Merkevarebygging – Setesdal som reisemål og reiserute
- Felles kompetansetiltak
- Vertskapsopplæring
- Felles infrastruktur / systemdrift:
- Strategisk dokument/ posisjonering i høve strategiske samarbeidsparter:.
- Koordinering og representasjon
- Fellestiltak / prosjekt - initiering
- Kommunikasjon og samhandling – internt og eksternt:

Det blir arbeidd med felles profilering/ områdemarknadsføring – Setesdal: med nettsida -www.setesdal.com og www.visitnorway.com – der Setesdal er presentert som sjølvstendig reisemål - på fleire språk vs norske og utanlandske marknader. Det blir kjøpt kampanjar i fellesskap. Vidare blir det årleg gitt ut «Setesdal guide» med eit opplag på 45.000 - på norsk /engelsk, og tysk / nederlandsk.

Det blir arbeidd med å kvalifisere Setesdal til merket «Bærekraftig reisemål». I 2014 fekk ein støtte frå Innovasjon Norge til å gjennomføre fase 2 og 3. Det vart utarbeidd handlingsplan i fase 1-2.

Styret har gjennom året hatt ulike orienteringar frå ulike hald om organisering av reiselivet på Sørlandet, Fjell-Norge-gruppa, Syd-Norge gruppa, Innovativ fjellturisme og Visit Sørlandet / NHO-arbeidet om ny organisering –samt informasjon om Destinasjon Hovden.

Det vart vedteke å sette i gong arbeid med Reiselivsstrategi Setesdal



Setesdal - Noreg tett på / Anders Martinsen Fotografer

# INFRASTRUKTUR

## RIKSVEG 9

I nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023 er det nedfelt at ein har som mål å få ferdig Rv 9 som tofeltsveg innan 2023. Ein arbeider i nært samarbeid med partnarskapet på Sørlandet og fremjer dei omforeina prioriterte prosjekta, E 18, E 39 og Rv 9 ilag. Arbeidet er forankra i «Sørlands-ankeret» med E18, E39 og Rv 9 som landsdelen sine prioriterte prosjekt. Fylkesordføraren leiar arbeidet. Politisk samordningsgruppe medverkar i å løfte og koordinerer landsdelen sine prosjekt.

Påverknadsarbeidet i Rv 9-prosjektet er organisert styringsgruppe og administrativ prosjektgruppe med fylkeskommunen, statens vegvesen, NHO og Setesdalsregionen. I prosjektgruppa er Aust-Agder fylkeskommune Statens Vegvesen, dagleg leiar og prosjektleiar med.

I første handlingsplanperiode (4 år) til NTP låg inne 130 mill. til å starte bygging av parsellane Sandnes-Harstadberg, Skomedal og Frøysnes. Det vart eit gap i høve reviderte kostnadsestimat og samla lokal/regional- og statleg finansiering på 100 millionar – og uro for utsett byggestart til 2016. Ein arbeidde med påverknadsarbeid for å få inn ekstra middel i revidert statsbudsjett mv. Styret gav uttale til NTP og ba om forsering av utbygginga for å sikre samanhengande og kontinuerleg utbygging.
Det vart gjennomført fleire møte med fraksjonar og samla Agderbenk og medlemmer av Transport-komiteen på Stortinget gjennom året – samt med samferdsledepartementet ved statssekretær Hoksrud og Rv 9 vart og teke opp med samferdsle-ministeren sjølv under Sørlandsting på Stortinget
I samband med revidert nasjonalbudsjett sikra Godskesen i Frp, i lag med Krf og Høgre at det kom tilleggsløyving på 25 mill som sikra oppstart av arbeidet med parsellen Sandnes-Harstadberg i Valle i 2015.
Revidert prosjektplan vart godkjent. Prosjektleiar engasjert i inntil 15 % stilling til å koordinere og drive prosjektaktiviteter og påverknadsarbeid.

Bompengepakka – og kalla "Setesdalspakka" som vart vedteke 28. mai 2002 utløyste utbyggjing av mange parsellar på Rv 9. Bommane har i innkrevjingsperioden tilførte ca 60 millionar til vegføremål. Men ein såg etter kvart at driftsutgiftene vart relativt høge grunna låge trafikktal.

Bommen på Hekni skulle stå til 2018 og bidra til delfinansiering av utbyggingane fram til Langeid. Frp og stortingsrepresentant Ingebjørg A. Godskesen markerte politikkskifte og sytte for at bommen vart avvikla, med markering 31. januar 2014.



## EL BIL – LADESTASJONSPROSJEKTET

Arbeidet med å få på plass ladestasjonar og ein gjennomgåande infrastruktur for el-biler langs reiseruta held fram i 2014. Det vart arbeidd med ny søknad til Transnova og med anbodsgrunnlag / finansiering.

## STIPENDORDNING – LADEPUNKT – PRIVATE VERKSEMDER

Styret løyvde 100` til etablering av stipendordning for private verksemder som ønskjer å etablere ladepunkt for el-bilar tilknytt verksemda. Stipendordning – ladepunkt private verksemder – ramme på 100.000,- lyst ut som ordning for å få ein enda sterkare infrastruktur for el-bil-bruk i Setesdal – og fordi det har vore etterspurt frå næringsdrivande.

## DS BJOREN:

Styret løyvde driftsstøtte på kr 61.000.- Intensjonane med regional støtte har vore å sikre varig drift og ivaretaking av fartyet som kulturminne og attraksjon for Setesdal i påvente av meir permanent organisering og finansiering. I 2013 og 2014 virka integrering i Setesdalsmuseet si drift nær føreståande – likeeins statsstøtte gjennom fredingsprosess.



Det vart gjennomført fleire møte med fraksjoner, samla Agderbenk ogmedlemmer av Transprotkomiteen på Stortinget gjennom året – samt med Samfedsledepartementet og statsskretær Hoksrud.




Programkomiteen for Setesdalskonferansen let seg inspirere av el-bilen til Olav Hovet i 1.komitemøte og landa på temaet «Berekraftig og fonybar» for påfølgjande arrangement.

For el-bil-brukarar vil ein heilskapleg struktur gjere reiseruta frå kontinentet via Setesdal til fjordane i vest enda meir attraktiv. Ladestasjonar kan og aktualisere desse i høve både kvardag i by og helgeutfart, ferie- og fritidstransport for folk på Sørlandet. Godt utbygd nettverk av ladestasjonar vil truleg og initiere auka el-bil bruk i distrikta. – Ikkje minst vil det vere ei viktig symbolsak for å posisjonere landsdelen som det grøne batteriet. Som det heiter i turistreklamen: «Powered by nature».

# KOMPETANSE

## UTDANNINGSTILBOD

Utviklingsplan Setesdal 2020 nedfelte at kompetansebygging skulle vere eit gjennomgåande tema – og at Regionrådet skulle ta eit operativt ansvar i høve koordinering og gjennomføring. Regionrådet legg mykje eigeninnsats i tilrettelegging for nye studietilbod og dialog med tilbydarar for å få samarbeidsavtaler og finansieringsopplegg på plass for kvart nytt tilbod/prosjekt. I desse ligg oftest og årleg løyving til leverandør av studietilbod. I 2014 var desse øyremerka i budsjettet:

- Desentralisert sjukepleiarutdanning
- Distriktsvennleg lærarutdanning GLU 1-7
- Studiesenteret – kontingent / innkjøp utstyr

Vi har samarbeid med Lindesnes – og Listerregionen med felles prioritering , tiningar og utvikling av nye studietilbod utover vidaregåande nivå. Felles ambisjon er igangsetting av eitt nytt profesjonsstudium kvart år – samt ev etter- og vidareutdanningstilbod der regionane ser seg tente med felles distriktsvennlege tilbod. Setesdal vidaregåande er fast samarbeidspart og avdelingane blir nytta som studiesenter.

### DESENTRALISERT SJUKEPLEIARUTDANNING – UNIVERSITETET I AGDER

Studiet vart starta i 2012. Fakultet for idrett og helsefag er leverandør og har prosjektleiinga.

